

Fjord kommune

Innkalling

Utval:	Fellesnemnda - Fjord kommune
Møtestad:	Rådhuset i Valldal
Dato:	19.03.2019
Tid:	Kl. 17:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall og om rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast på telefon 70 25 88 00, så snart som mogleg. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling.

Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med administrasjonssjefen før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å vende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør være utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med leiaren før møtet.

Orienteringar i møtet:

Magnhild Grønningsæter orienterer om status for arkivhandteringa

Aud Lindis Ødegaard orienterer om IKT og digitalisering

Elin Amdam orienterer om sakssystem for økonomi og HRM

Diverse orienteringar v/leiaren, administrasjonssjefen og prosjektleiaren


Sakliste

Sakstype	Sak nr.	Sakstittel
PS	011/19	Godkjenning av møtebok
PS	012/19	Referatsaker
RS	1	Arbeidsgruppe for samfunn- og næringsutvikling - ny frist for levering
RS	2	Prosjektplan - revidert mars 2019
PS	013/19	Økonomi Fjord kommune
PS	014/19	Mandat for interkommunalt samarbeid
PS	015/19	Godkjenning av midlertidige vedtekter for kulturskolen i Fjord

Valldal den 13. mars 2019

Eva Hove
leiar

Bente Klakken Osvik
konsulent



Fjord kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 19/139
Saksbehandlar: Bente Klakken
Osvik
Dato: 06.03.2019

Saksframlegg

Godkjenning av møtebok

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
011/19	Fellesnemnda - Fjord kommune	19.03.2019


Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.03.2019	Protokoll - Fellesnemnda - Fjord kommune - 19.02.2019	1325843

Arbeidsutvalet si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnda - Fjord kommune
Møtestad: Kommunehuset i Stordal
Dato: 19.02.2019
Tid: Kl. 17:00 – 19:45

Medlemmer:	Parti
Eva Hove	AP
John Helge Larsen	AP
Olav Løvoll	AP
Bjørn Ove Olsen	H
Arne Sandnes	SP
Kjersti R. Hjelle	SP
Laila Olsen	SP
Viktor Valdal	TVLN

Andre:

Eva Hove
leiar

Hilde Dyrkorn
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	
003/19	Godkjenning av møtebok	
004/19	Referatsaker	
005/19	Lønsforhandlingsutval kap. 3 - Fjord kommune	
006/19	Uttale til Storfjorden kyrkjeleg fellesråd fra fellesnemnda i Fjord kommune	
007/19	Implementering av intensjonsavtalen; personaldisponering, rekruttering og administrativ organisering.	Ikkje offentleg
008/19	Gratis barnehageplass for den første som vert født i Fjord kommune	

Orienteringssaker:

Prosjektleiar orienterte om invitasjon til vidare deltaking i innkjøpssamarbeidet med svarfrist 1.mars. Økonomisjef i Norrdal svarar opp dette for Fjord kommune.

Samfunn-og næringsutvikling har hatt fleire møter men kjem ikkje i mål innan fellesnemnda sin frist. Prosjektleiar har forlenga fristen med ein månad til 1. april 2019. Innstillinga skal handsamast i AU sitt møte 2. april, og kjem til fellesnemnda 09.april.

Eldreråda i begge kommunar skal ha fellesmøte i veke 9. Der er fokus på velferdsteknologi, og prosjektkoordinator Else Midtbust, vil orientere i møtet.

Prosjektleiar vil i møtet med eldreråda gi ei generell orientering om status i kommunereformsarbeidet.

Ungdomsråda har vore samla to gonger og RFUN skal samlast 2. april. Det er viktig åt råda vert kjende med korleis ein har arbeidd i den andre kommunen.

Fellesnemnda sitt møtet i mars er flytta ei veke ut til 19 mars kl 17.00

Saker til møtet i mars, og orienteringar som er under arbeid:

Gjennomgang av «Sjekkliste for kommuner»

Prosjektplan - revidert mars 2019.

IKT- og digitalisering, gjennomgang med prosjektkoordinator Aud Lindis Ødegaard.

Status for Arkiv, og sakssystem v/ koordinator Magnhild Grønningsæter

Status økonomisystem og HRM v/koordinator Elin Amdam

Status IKS v/ rådmennene

Budsjettendring Fjord kommune

Status om kommunevåpen og ordførarkjede

Endring i ressursbruk knytt til direkte arbeid for Fjord

Status Fibernemnd- søknadsfrist NKOM midlar nærmar seg.

Administrasjonssjef for Fjord kommune orienterte:

Tilsetting av kommunalsjefar og økonomisjef er i prosess og ventar avklaring omlag i veke 9.

IK-legevaktssamarbeid, fleire møter, også ei politisk sak. Dersom den nye forskrifta vert gjeldande frå 1.1.2020 må ein søke om dispensasjon . Det er ei urimelig forskrift, som vil gi problem for mange legevakter i landet. Vi meiner det er viktigare å få hjelp, enn å få en med spesialisering ved første konsultasjon.

Ingen hadde merknader til innkallinga.

Leiar i fellesnemnda Eva Hove ba om å få ta opp ei ekstrasak som omhandla marknadsføring av Fjord kommune, og at det første barnet som vert fødd i Fjord kommune skal få eit års gratis barnehage i gåve. Ingen hadd merknader til det – elles ingen merknader til saklista.

Protokollen under sak 08/19 syner kva vedtak som vart gjort.

003/19: Godkjenning av møtebok

Arbeidsutvalet si innstilling:
Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Behandling:
Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FELLES-FJ- 003/19 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 19.02.2019:
Møtebok frå førre møte vert godkjent

004/19: Referatsaker

Arbeidsutvalet si innstilling:
Referatsakene blir tatt til orientering.

Behandling:
Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FELLES-FJ- 004/19 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 19.02.2019:
Referatsakene blir tatt til orientering.

005/19: Lønsforhandlingsutval kap. 3 - Fjord kommune

Arbeidsutvalet si innstilling:

Fellesnemnda vedtek slikt lønsutval for Fjord kommune:

- Leiar i fellesnemnda
- Nestleiar i fellesnemnda
- Leiar i partsamansett utval for Fjord kommune

Lønsutvalet skal forhandle for stillingane kommunalsjef, økonomisjef, assisterande administrasjonssjef, og andre stillingar som vert plassert i kap 3.4.1.

Behandling:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FELLES-FJ- 005/19 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 19.02.2019:

Fellesnemnda vedtek slikt lønsutval for Fjord kommune:

- Leiar i fellesnemnda
- Nestleiar i fellesnemnda
- Leiar i partsamansett utval for Fjord kommune

Lønsutvalet skal forhandle for stillingane kommunalsjef, økonomisjef, assisterande administrasjonssjef, og andre stillingar som vert plassert i kap 3.4.1.

006/19: Uttale til Storfjorden kyrkjeleg fellesråd fra fellesnemnda i Fjord kommune

Arbeidsutvalet si innstilling:

Fellesnemnda for Fjord kommune støtter prosjektet med felles fellesråd for Fjord kommune og Stranda kommune. Fellesrådet vil framleis heite Storfjorden kyrkjelege fellesråd. Kommunane stadfester at det økonomiske tilskotet til kyrkja vil gå til denne eininga frå 01.01.2020.

Behandling:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FELLES-FJ- 006/19 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 19.02.2019:

Fellesnemnda for Fjord kommune støtter prosjektet med felles fellesråd for Fjord kommune og Stranda kommune. Fellesrådet vil framleis heite Storfjorden kyrkjelege fellesråd. Kommunane stadfester at det økonomiske tilskotet til kyrkja vil gå til denne eininga frå 01.01.2020.

007/19: Implementering av intensjonsavtalen; personaldisponering, rekruttering og administrativ organisering B.sak


FELLES-FJ- 007/19 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 19.02.2019:
Saka vart utsett til nytt møte 5. mars 2019.

008/19: Gratis barnehageplass for den første som vert født i Fjord kommune

Leiaren fremma slikt forslag til vedtak:
Det første barnet som vert født inn i Fjord kommune får eit års gratis barnehageplass i gåve.

Behandling:
Fellesnemnda gjekk samrøystes inn for leiaren sitt forslag.

FELLES-FJ- 008/19 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 19.02.2019:
Det første barnet som vert født inn i Fjord kommune får eit års gratis barnehageplass i gåve.



Fjord kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 19/167
Saksbehandlar: Bente Klakken
Osvik
Dato: 13.03.2019

Saksframlegg

Referatsaker


Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
012/19	Fellesnemnda - Fjord kommune	19.03.2019

Arbeidsutvalet si innstilling: Referatsakene blir tatt til orientering.

Underliggende sak:

Saksnummer	Tittel
1	Arbeidsgruppe for samfunn- og næringsutvikling - ny frist for levering
2	Prosjektplan - revidert mars 2019

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef



Fjord kommune

Anne Berit Løset

Vår ref.
18/10/FA-U01/HILDYR/95256201

Dykkar ref.

Dato:
15.02.2019

Arbeidsgruppe for samfunn- og næringsutvikling - ny frist for levering

Viser til samtale med leiar Anne Berit Løset i arbeidsgruppe for samfunn- og næringsutvikling, der ho sette fram spørsmål om forlenging av fristen for innlevering av innstilling til fellesnemnda.

Fristen som var sett i sak 065/18 16.10.18 viser i pk 5 at frist for levering er 1. mars. I punkt 6 i vedtaket står det at arbeidsgruppa skal informere fellesnemnda undervegs i prosessen.

Prosjektleiar varslar med dette at ny frist for innlevering vert flytta til 1. april 2019, -og i folenging av frist skal det informerast til fellesnemnda i møtet 19.februar, og 19 mars om status i arbeidet.

Møtereferat skal leggst på heimesida til Fjord kommune, og må ferdigstillast etter kvart møte. Referat skal sendast politisk sekretær i Norddal.

Med helsing

Hilde Dyrkorn
prosjektleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Mottakere:

Anne Berit Løset
Fjordhagen næringsutvikling
Frode Færøy
Hallvard Omenås
Harald Espeland
Karl Andre Birkhol
Magne Tøsse

Postadr.:
Postboks 144
6211 Valldal


E post/heimeside
post@norddal.kommune.no
www.fjord.kommune.no

Telefon
70 25 88 00

Bankgiro:
4212 23 27668

Organisasjonsnr.
939 396 268

Mottakere:
Martin F. Hove
Ole Henrik Uri
Per Magnus Berdal
Stein Kristian Valdal
Vigdis Hove Øie



REVIDERT MARS 2019

PROSJEKTPLAN - NORDDAL OG STORDAL BYGGJER FJORD KOMMUNE

Kommunane Norddal og Stordal har gjort likelydande vedtak om å byggje ein ny kommune. Fellesnemnda - kan forklarast som «kommunestyret til prosjektperioden» er oppretta i medhald av Inndelingslova § 26. Fellesnemnda skal i opne møter planlegge og førebu samanslåing fram til ein konstituera det nye kommunestyre i den nye kommunen. Samrøystes vedtak i fellesnemnda sette fram namneforslaget - Fjord kommune. Språkrådet hadde motseiingar til namnet Fjord kommune, men det vart godkjend av Kommunal- og Moderniseringsdepartementet- KMD 22.februar 2018.

Den nye kommunen skal vere operativ frå 01.01.2020. Vedtaka bygg på framforhandla intensjonsavtale mellom dei to kommunane – underskriven 13. desember 2016. Intensjonsavtalen er et dokument som legg strategiske føringar for fellesnemnda.

Denne prosjektplanen er eit samla styringsdokument for gjennomføring av samanslåinga av Norddal og Stordal kommunar. Den legg til grunn aktivitetar frå starten av prosjektet til gjennomføringa er fullført 01.01.2020.

1. Føremål

Føremålet med reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste og eit styrka lokaldemokrati.

Arbeidet med ein ny felles kommune skal vere prega av openheit, tillit, rausheit og likeverd. Ein vil tenkje felles muligheiter, kva vi kan bli betre på, korleis skape vekst og velstand, basert på ein framtidsvisjon om levande bygder.

Stordal og Norddal kommunar er begge små kommunar, og vil også etter samanslåing vere den minste kommunen i Møre og Romsdal, rekna etter folketal. Målt etter areal derimot, vil den nye kommunen vere blant dei største i fylket.

Det er eit overordna mål for den nye kommunen å etablere ein livskraftig kommune med gode lokalsamfunn. Å ta i vare og styrke dei gode tenestene er eit viktig mål, og ein legg til grunn at ein i fellesskap skal kunne greie dette enda betre enn det ein før greidde kvar for seg.

Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og utfordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggjast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet.

Fjord kommune tek mål av seg å vere ein kommune med stort fokus på tilrettelegging for lokalt næringsliv. Kommunen har også klare mål om å utvikle dei kommunale tenestene på ein god og effektiv måte til beste for innbyggjarane.

Fokusområde på kompetanse innan tenesteområda:

- Næringsutvikling
- Sysselsetting
- Digitalisering
- Kompetanseutvikling

2. Mål, grunnlag og mandat

2.1 Mål og grunnlag for samanslåinga

Måla er fastsett i Intensjonsavtalen som er signert i Stordal 13. desember 2016. Denne er vedteken av kommunestyra i Norddal i *KS sak 003/17* og Stordal i *KS sak 007/17*.

Hovudmål:

- Skape ein kommune med livskraft og utviklingsmogleheit i alle delar av kommunen
- Skape ein felles identitet
- Bygge ny merkevare for den nye kommunen
- Skape grunnlag for folketalsvekst
- Sikre gode offentlege tenester, og legge til rette for god demokratisk involvering av innbyggerane
- Ein skal utvikle nye demokratiske samskapingsmetodar mellom kommunen, næringslivet, frivillig sektor og innbyggerane
- Utnytte og utvikle våre konkurransefortrinn og legge til rette for næringslivet
- Den nye kommunen skal ha ei tydeleg satsing på omstilling og innovasjon
- Vidareutvikle dugnadsånda og samarbeid med frivillig sektor

Delmål:

Kommunen som lokalpolitisk arena skal styrke den folkevalde styringa, legge til rette for brei deltaking og involvering, og vere med å skal skape ei vekstkraftig og attraktiv bu, arbeid og fritidskommune i alle delar av kommunen.

Kommunen som tenestytar skal byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø. Ein skal søkje å løyse strategiske oppgåver og satse på nye modellar for tenesteyting og utvikling. Vidareutvikling av partnerskap vert ei prioritert oppgåve.

Kommunen som utøvar av mynde skal handtere brukarane etter prinsipp om likebehandling. Kommunen vil få større mynde og fleire oppgåver i tida framover, og må vere kompetente til å handtere oppgåvene – enten åleine eller gjennom samarbeid med andre kommunar.

Kommunen som samfunnsutviklar skal legge til rette for samfunnsutvikling og vere pådrivar for å skape utvikling i alle delar av kommunen. Den nye kommunen skal ha ei særleg tydeleg satsing på næringsutvikling. Omstilling og innovasjon skal vere sentrale utfordringar.

2.2 Mandat og fullmakter

Fellesnemnda er oppretta i medhald av Inndelingslova § 26. Fellesnemnda skal i opne møter planlegge og førebu samanslåing fram til ein konstituera det nye kommunestyre i den nye kommunen. Det ligg ikkje til fellesnemnda å ha styring av den daglige drifta i dei to kommunane fram til tidspunktet for samanslåing.

Vedtak om mandat til Fellesnemnda er gjort i kommunestyret i Norddal sak, 061/17 og kommunestyret i Stordal sak 040/17.

Samansetjing

Intensjonsavtalen slår fast at Fellesnemnda skal vere samansett av fire kommunestyrerepresentantar frå kvar av kommunane.

Medlemmar frå Stordal : Eva Hove, leiar fellesnemnda, Kjersti Ruset Hjelle, Bjørn Ove Olsen, John Helge Larsen. Vara er Claus Hoff.

Medlemmar frå Norddal: Arne Sandnes - nestleiar, Viktor Valdal, Laila Olsen, Olav Løvoll,
1.vara: Hans M Gjedrem (for V. Valdal er vara H.T.Sylte)

Fellesnemnda sitt mandat

Inngå avtalar på vegne av den nye kommunen.

- a) Kome med framlegg om namn på den nye kommunen etter at innbyggjarane har vore involvert.
- b) Gjere vedtak om kommunevåpen for den nye kommunen.
- c) Gjere vedtak om val av hovudmodell for den politiske organiseringa av den nye kommunen. I det ligg det også reglement for dei nye politiske organa og reglement for arbeidsvilkåra for politikarane i kommunen.
- d) Kome med uttale/innspeil om val av hovudmodell for administrativ organisering av den nye kommunen.
- e) Godkjenne framdriftsplan i samanslåingsprosessen.
- f) Vedta budsjett for samanslåingsprosessen og disponere eingongstilskotet og anna reformstøtte/tilskot som kjem som følgje av kommunesamanslåinga
- g) Har ansvaret for det førebunde arbeidet med budsjettet for første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk (2020).
- h) Gje fråsegn til Fylkesmannen om budsjett og økonomi- og handlingsplan for dei to kommunane.
- i) Gjere vedtak om spørsmål som gjeld lokalisering av dei ulike administrative og tenesteproduserande einingar i den nye kommunen - i tråd med føringane som ligg i intensjonsavtalen
- j) Tilsette prosjektleiar, rådmann og revisor i den nye kommunen. Kontrollutvala skal gi innstilling med omsyn til val av revisjonsordning og kontrollutvalssekretariat for den nye kommunen.
- k) Har fullmakt til å overføre personell til den nye kommunen.
- l) Kan vedta mindre justeringar i organiseringa og beskrivinga av prosjektet.
- m) Gjere vedtak om andre spørsmål som er knytt til samanslåingsprosessen og tilhøve som gjeld ny kommune.
- n) Ta ansvar for informasjonsarbeid og involvering av innbyggjarane for det som gjeld bygging av den nye kommunen.

Endring i fellesnemnda sitt mandat

Endringa gjekk på at leiar skal ha dobbeltstemme, og når minst tre medlemmar krev det skal saka sendast attende til kommunestyra for avgjerd. Endring av mandatet til fellesnemnda vart sendt til kommunestyra for ny avgjerd i juni 2018. Vedtak vart gjort i veke 37/18 i begge kommunar:

«Fellesnemnda skal søkje å oppnå konsensus i alle avgjerder. Ved usemje skal fellesnemnda vurdere om spørsmålet kan utsetjast til etter at nytt kommunestyre er konstituert. Saker som likevel må avgjerast, skal avgjerast med alminnelege fleirtal. Ved likt stemmetal, har leiaren for fellesnemnda dobbelstemme. Saker som er av prinsipiell karakter må likevel tilbake til det einskilde kommunestyret for avgjerd. Når minst tre medlemmer av fellesnemnda krev det, skal saka sendast til dei respektive kommunestyra for avgjerd»

Innstillingsrett til kommunestyra

Dersom det kjem opp saker som vedkjem samanslåingsprosessen, og som er av ein slik art at dei må handsamast i eit eller begge kommunestyra, må fellesnemnda be rådmennene om å leggje fram dei aktuelle sakene for dei to kommunestyra.

Funksjonsperiode

Fellesnemnda konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar.

- a) Fellesnemnda sin funksjonsperiode gjeld fram til konstituering av kommunestyret i den nye kommunen.
- b) Leiar i Fellesnemnda kallar saman det nyvalde kommunestyret til konstituerande møte innan utgangen av oktober månad i 2019.
- c) Leiar av Fellesnemnda leier møtet fram til ny ordførar er vald.

Fullmakter

Fellesnemnda kan gje leiar i fellesnemnda og/eller prosjektleiar fullmakt til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Saksførebuing

- a) Fellesnemnda sine saker skal vere førebudd av AU og leggst fram med tilråding for Fellesnemnda
- b) Rådmennene har møte- og talerett i fellesnemnda.

Arbeidsutval (AU)

Arbeidsutval (AU) er eit utval som koordinerar arbeidet og førebur møta i fellesnemnda. I 2017 og delar av 2018 var AU samansett av rådmennene, ordførarane samt prosjektleiar.

Etter at administrasjonssjef for Fjord kommune vart tilsett, vart AU endra til å verte eit reint administrativt organ. Det nye AU er samansett av administrasjonssjef, prosjektleiar, rådmann i Stordal, ein hovudtillitsvald frå Stordal og ein frå Norddal.

I sak 28/18 gjorde fellesnemnda vedtak om slik endring;
Nytt AU for bygging av Fjord kommune vert samansett slik;
Rådmann i Norddal og Administrasjonssjef i Fjord, Karl André Birkhol.
Rådmann i Stordal, Anne Berit Løset.
Hovudtillitsvald Norddal, Mette Natland Valdal.
Hovudtillitsvald Stordal Adriana Cadavid.
Prosjektleiar for Fjord kommune, Hilde Dyrkorn.
Det nye arbeidsutvalet arbeider etter same mandat.

Mandat (vedtak FN 24. 10. 2017 sak 05.pkt.2).

«Arbeidsutvalet vert oppretta som eit uformelt organ utan vedtaksmynde. AU si rolle vert å samordne saker og drøfte daglege problemstillingar knytt til samanslåingsprosessen.»

Partssamansett utval (PSU)

Det er oppretta eit partssamansett utval av fellesnemnda for Fjord kommune Jf. kommunelova § 25, og jf. Hovudavtalen del B § 4.

Oppgåver

Det partssamansette utvalet (PSU), som tidlegare vart kalla administrasjonsutvalet, er fellesnemnda sitt utval for handsaming av prinsipielle saker som gjeld tilhøve mellom arbeidsgjevar og dei tilsette.

Det partssamansette utvalet gir uttalar i saker som omhandlar overordna personalpolitiske spørsmål, retningslinjer og planar i samband med kommunesamanslåinga.

Leiar for utvalet er ansvarleg for å kalle inn til møta etter gjeldande reglement. I ei kvar sak som vert lagt fram for utvalet, skal det vere ei innstilling frå administrasjonen.

Prosjektleiar stiller som sekretær for det partssamansette utvalet.

Samansetjing

Utvalet er samansett av 4 politikarar inkludert leiar og nestleiar i Fellesnemnda og 2 tillitsvalde frå kvar kommune.

Medlemmar:


Eva Hove	- leiar fellesnemnda og ordførar i Stordal
Arne Sandnes	- nestleiar i fellesnemnda og ordførar i Norddal
Olav Løvoll	- medlem i fellesnemnda repr. Norddal(AP)
Bjørn Ove Olsen	- medlem av fellesnemnda repr. Stordal(H)
Mette N. Valdal	- tillitsvalt frå Norddal (Monika H Lingaas er vara)
Kjetil Uri	- tillitsvalt frå Norddal (Bente Skarbø er vara)
Siv Krokfoss	- tillitsvalt frå Stordal (Trond M.L. Alstadsæter er vara)
Adriana Cadavid	- tillitsvalt frå Stordal

Mandat (vedtak FN 24. 10. 17 sak 05, 1):

«Partsamansett utval skal handsame alle overordna og prinsipielle saker som omhandlar tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Partsamansett utval gir si innstilling til fellesnemnda i slike saker.»

3 Prosjektorganisasjon

3.1 Organisasjonskart



3.2 Delegering frå Fellesnemnda

Retningslinjer for bruk av delegert mynde;

All mynde som er delegert skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer som er gitt av overordna organ, og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningskikk. Delegert mynde skal elles utøvast innanfor dei plan- og budsjettrammene som er vedtekne av Fellesnemnda.

Iverksetting og gyldigheit;

Desse retningslinjene er vedteke av Fellesnemnda og trer i kraft frå det tidspunktet mandatet for fellesnemnda vart godkjent i begge kommunestyra. Jf. Vedtak i KS 25.8.17. sak 061/17 NK. Sak 040/17 SK.

Endringar av retningslinjer kan berre gjerast og vedtakast av Fellesnemnda der det ikkje går fram av retningslinjene at andre kan delegere myndet vidare.

Delegering til leiar og/eller prosjektleiar

Fellesnemnda kan gje leiar i fellesnemnda og/eller prosjektleiar fullmakt til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Delegering til leiaren i Fellesnemnda;

- Leiaren av Fellesnemnda er rettsleg representant for den nye kommunen og signerer på vegne av kommunen i alle høve der myndet ikkje er tildelt andre.
- Leiaren av Fellesnemnda kan gje andre mynde til å delta og representere den nye kommunen.
- Leiaren av Fellesnemnda kan innvilge offentlige gåver og merksemd knytt til den nye kommunen for inntil kr 1.000 i kvart høve.

Delegering til prosjektleiar ;

Etter møte i fellesnemnda 21.11.2017 er det gjort slikt vedtak:

«Prosjektleiaren si viktigaste rolle vert å leie arbeidet med å bygge den nye kommunen. Dette skal skje i nært samarbeid med dei to eksisterande kommunane –først og fremst med dei to rådmennene og fellesnemnda, men også i samarbeid med tilsette, tillitsvalde, verneombod og andre aktuelle samarbeidspartnarar»

Prosjektleiar arbeider etter gjeldande prosjektplan som jamnleg vert oppdatert av fellesnemnda.

Opprinneleg prosjektplan beskriv arbeidsoppgåvene til prosjektleiar slik;

1. Prosjektleiar skal gje tilråding i alle saker til Fellesnemnda. Prosjektleiar har ansvar for at saker som vert lagt fram, er forsvarleg utgreidde, og har ansvar for at vedtak vert sett i verk.
2. Prosjektleiar har ansvaret for koordinering av politiske og administrative prosessar og syter for at det vert gjort vedtak som sikrar naudsynt framdrift for etablering av den nye kommunen.
3. Prosjektleiar for kommunesamanslåinga vert gitt mynde til å gjere vedtak/ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter og der slikt mynde ikkje er gjeve til andre.
4. Prosjektleiar har mynde til innkjøp- og tilvising innanfor Fellesnemnda sitt budsjett i samsvar med vedtekne prioriteringar. Vidare har han/ho mynde til å godkjenne tilbod/anbod dersom ikkje myndet er lagt til andre nemnder eller organ. Likeeins har han/ho mynde til å inngå kontraktar for arbeid og leveransar.
5. Prosjektleiar har mynde til å overføre personell til den nye kommunen. Overføringane skal gjennomførast i samarbeid med tillitsvalde og i samsvar med gjeldande lov og regelverk for verksemdsoverdraging.
6. Prosjektleiar har tilsettingsmynde til nye stillingar i den nye kommunen. Unntaket frå dette er tilsetting av rådmann og revisor.
7. Prosjektleiar kan delegere eige mynde vidare internt.

Prosjektleiar har Jf. punkt 7 i prosjektplan delegert eige mynde i punkt 5 og 6 vidare til administrasjonssjef i Fjord kommune grunna at ho hadde søkt på stilling som kommunalsjef i Fjord kommune. Ref. sak 004/10 - 19/70 til FN 19.02.19 viser til dette.

3.3 Prosjektleiing

- Interimstyret for Fjord kommune, som arbeidde med samanslåinga fram til fellesnemnda vart formelt oppretta, gjorde i møtet 27.06.17 innstilling på å tilsette Hilde Dyrkorn i stillinga

som prosjektleiar. Formell tilsetning vart først gjort etter at kommunestyra hadde delegert mynde til fellesnemnda, Jf. FN møte 24.10.17 sak 07.

Hilde kom frå stillinga som kommunalsjef for teknisk, næring og miljø i Norddal kommune, og hadde ein glidande overgang til stillinga som prosjektleiar.

- Fellesnemnda gjorde i sak 22/18 tilsetning av Karl André Birkhol som administrasjonssjef for Fjord kommune. Han er rådmann i Norddal og har den funksjonen ut 2019.

Birkhol tok til i 20 % stilling som administrasjonssjef for Fjord kommune frå 1.april 2018.

- Administrasjonssjefen har delegert mynde frå fellesnemnda til å gjere tilsetning av assisterande administrasjonssjef/utviklingssjef for Fjord kommune. I AU møtet den 11. desember 2018 vart Anne Berit Løset, rådmann i Stordal, tilbydd stillinga og takka ja.
- Det er i tilsettingsutvalet for Fjord gjort fleire tilsettingar:
 - Økonomisjef Arne Krohn
 - Personalsjef Maris Andre Moe
 - Kommunalsjef Helse, Kjetil Heggem
 - Kommunalsjef teknisk, Hilde Dyrkorn

Valstyret Fjord

Valstyre for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019:

Leiar: Arne Sandnes
Nestleiar: Eva Hove
Medlemar: Bjørn Ove Olsen
Viktor Valdal
Olav Løvoll

1. vara: Per Magnus Berdal
2. vara: Kjersti R. Hjelle
3. vara: Claus Hoff
4. vara: Laila Olsen

Valkretsar

Fellesnemnda for Fjord kommune har vedteke desse røystekrinsane f.o.m kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019:

Krins 1: Valldal krins
Krins 2: Stordal krins
Krins 3: Eidsdal krins

3.4 Kulturbygging-felles identitet og samhald

Fjord kommune si heimeside vert brukt til å synleggjere aktivitetar som gjeld bygging av Fjord kommune. Ein av hovudaktivitetane er kulturbygging.

Bygging av felles identitet og å skape samhald når to kommunar skal verte ein, kan vere ei utfordrande oppgåve. Dette gjeld både for innbyggjarane, og i høve alle dei tilsette.

Plan og tiltak for kulturbygging skal ivareta kulturbygginga i prosjektperioden og fellesnemnda vel ei arbeidsgruppe for denne kulturbygging.

Prosjektleiari/ administrasjonssjef i ny kommune har ansvar for kulturbygginga blant dei tilsette.

Mål

Den nye kommunen skal vere ei kulturkommune. Det er ynskjeleg å bidra til variert kultur, der arrangement på fleire måtar aktiviserer menneske i alle aldrar med ulike føresetnader. På den måten ynskjer ein å gje innbyggjarane ei oppleving av fellesskap og samhald. Gjennom ulike aktivitetar på kulturområdet ynskjer ein å bidra til ny skaparglede og mellommenneskeleg kontakt, slik at innbyggjarane opplever den nye kommunen som ein god kommune å bu, leve og feriere i.

Kulturbygginga skal så langt råd er omfatte målgruppene,

- Kommunale einingar (skule, barnehage, kulturskule, ungdomsråd, eldreråd, RFUN)
- Frivillige lag og organisasjonar- etablerte kulturinstitusjonar - Kyrkja
- Næringslivet
- Innbyggjarane
- Folkevalde

Kommunale einingar:

Oppmode til samarbeid mellom skular, markeringar/ besøk i barnehagar, underhaldningsbidrag frå kulturskulen, felles møter og arrangement i ulike samanhengar.

Frivillige lag og organisasjonar/etablerte kulturinstitusjonar/Kyrkja:

Oppmode til felles arrangement (utvikle eksisterande og skape nye). Stimulere med økonomisk støtte til marknadsføring og gjennomføring.

Næringsliv:

Oppmode til å marknadsføre den nye kommunen – stimulere med økonomisk støtte. Bidra til ny aktivitet og utvikling av alle former i næringslivet.

Innbyggjarane:

Døme:

- Bli kjend i ny kommune - guida bussturar med kjende som reiseleiar.
- Quiz med den nye kommunen som tema
- Delta på ulike arrangement rundt om i bygdene, eks Eidsdal-røre, Langseterdagane, Olsok i Valldal, Tafjordmarknad, Midtsommardagar i Norddal etc.
- Snakke fint om kvarandre og byggje relasjonar

Folkevalde/politisk:

Bli kjent i heile den nye kommunen, både geografisk og gjennom besøk på kommunale einingar og på besøk med næringslivet. Ein vil oppmode folkevalde om å framsna kke den nye kommunen og bidra med positiv informasjon og marknadsføring.

I september 2017 starta ein opp med felles dag for kommunestyra, der ein hadde fokus på næringsliv og utvikling i dei to kommunane. Dagen starta i Stordal der ein fekk innblikk i prosjektet «Øvre Stordal» og Vekst Stordal. Det var busstur til Langsetrane og hytteutbygging, før turen gjekk til Valldal og informasjon om Muriparken og satsingane for å bygge strukturar og skape effektar til lokalt næringsliv. Tafjord AS hadde informasjon om eigarforholda som Norddal kommune har. Turen gjekk så til Eidsdal og Norddal og besøk på Melchiorgarden, der det vart gitt informasjon om ulike satsingar som vitna om utvikling og optimisme i det lokale næringslivet. Eidsdal skule orienterte om si satsing som «verdsarvskule».

Samlinga i Stordalshallen 28 august 2018 sette fokus på samfunns og næringsutvikling i Fjord kommune. Etter innslag frå fleire innleiarar på ulike tema, vart det sett ned ei arbeidsgruppe for samfunn- og næringsutvikling der dei fekk tildelt mandat frå fellesnemnda. Arbeidsgruppa består av politisk valde, representantar frå næringslivet og administrativt tilsette(sjå mot slutten av kap. 3.4.4.) I hovudsak skal dei sjå på ulike vinklingar og kome med ei tilråding til fellesnemnda innan 1. mars. Denne fristen er av prosjektleiar forlenga til 1. april, og den skal handsamast i AU 2 april før den skal til fellesnemnda 19.april. Meir informasjon om dette på heimesida til Fjord kommune - delprosjekt- arbeidsgrupper- Samfunns- og næringsutvikling.

Andre aktuelle tema for politisk aktivitet

Kyrkjeleg fellesråd – eiga sak, der fellesnemnda har valt inn ein representant for å byggje nytt fellesråd - Indre Storfjorden Kyrkjelege fellesråd. Dette skal byggjast for Fjord og Stranda kommunar. I tillegg er ein i dialog med Storfjorden kyrkjeleg fellesråd Jf. vedtak i *FN 24. 10. 17 sak 10*.

- Storfjorden Kyrkjelege fellesråd har sendt inn søknad om økonomisk stønad til bygging av nytt fellesråd. Det er sett av 120 000 i budsjett for åra 2018 og det same for 2019. Midlane skal nyttast til 10% stilling som prosjektleiar, midlar til innkjøp av system og reise/møtegodtgjering. Fellesnemnda har valt Olav Løvoll som representant frå fellesnemnda, med Arne Sandnes som vara til å vere med i prosjektet for bygging av nytt fellesråd for Norddal og Stordal. Det er klart at Stranda vert med i det nye fellesrådet. Meir informasjon om prosjektet finn du på heimesida til Fjord kommune-delprosjekt-kyrkjeleg fellesnemnd.

ANDRE: (Samferdsel, bussruter, ferjeruter, kommunikasjon/pendlarmoglegheit for ungdom eks. i vidaregåande skular)

Bussruter er tema i mange samanhengar, og Ungdomsråda er bedt om å sende inn uttale. Stordal Ungdomsråd har laga høyringsuttale og sendt inn.

Markeringar: folkefest/marknad/ fakkeltog/ fyrverkeri – lyssetting –nyttårskonsert/ny Ordførar klipper «tids-snora» for den nye kommunen (31.12.19)

Organisering og ansvar

Fellesnemnda har overordna ansvar for organisering av kulturarbeid.

Det er oppretta ei arbeidsgruppe for kulturbygging.

Arbeidsgruppa er samansett slik:

	Namn	Organisasjon		
1	Johan Overå	RFUN		N
2	Roger Lillebø	RFUN	S	
3	Nelly Ytterlid	Frivilligsentral		N
4	Torill Brastad	Frivilligsentral	S	
5	Ellinor Ruset	Eldreråd		N
6	Jonas Falch	Eldreråd	S	
7	Sigve Nydal	Ungdomsråd		N
8	Ilyas Tomas Øcalan	Ungdomsråd	S	
9	Odd Lennart Vikene	Idrettsråd		N
10	Helga Øvrebust	Representant for Idrettslag	S	
11	Terese J. Moen	Musikkrådet		N
12	Vibeke Helland	Representant for musikk og kultur	S	

Mandat prosjektgruppe

Fellesnemnda har vedteke følgjande mandat for prosjektgruppe for kulturbygging (*FIV 25.1.2018 sak: 04/18*).

- Prosjektgruppa må konstituere seg og velje ein leiar
- Utarbeide framlegg til detaljert plan og tiltak for gjennomføring. Kome med framlegg om eventuelt administrativ ressurs og budsjett til føremålet/tiltaka.
- Drive marknadsføring og påverke i høve målgrupper
- Gjennomføring av tiltak for å sikre at måla i prosjektet vert nådd
- Kome med framlegg til kriterier for fordeling av midlar til lag og organisasjonar
- Gjere vedtak om fordeling av midlar til omsøkte tiltak
- Vere ansvarleg for gjennomføring av markeringar i samband med samanslåing

Rammebudsjett:

Økonomisk støtte til lag – og foreiningar og næringsliv med tanke på felles tiltak. Fordeling av kr 150 000 pr. år i 2018 og 2019 til lag og organisasjonar etter kriterium utforma av prosjektgruppa for kulturbygging og godkjend av fellesnemnda.

Fordeling av kr 50 000 til tiltaksmarkeringar, fellestiltak etter kriterium utforma av prosjektgruppa for kulturbygging og godkjend av fellesnemnda.

Styringsgruppe for kulturbygging

Arbeidsgruppa for kulturbygging har oppretta ei styringsgruppe for å koordinere arbeidet med kulturbygging. Styringsgruppa klargjer saker før tildeling av midlar og godkjenner møtereferat frå planleggings- og tildelingsmøta.

Konstituerande møte i arbeidsgruppe for kultur valte ei satte fram ynskje om ein administrativ ressurs i møtet 27.8.18. Prosjektleiari i Fjord kommune stiller til disposisjon for gruppa.

Styringsgruppe er samansett slik;

- Terese J. Moen, leiar
- Torill Brastad, nestleiar
- Ilyas Tomas Øcalan, medlem
- Sigve Nydal, medlem
- Odd Lennart Vikene, medlem

Aktivitetar – søknad og tildeling

Arbeidsgruppa for kulturbygging har hatt tildeling av midlar etter revidert reglement. Oppsummering av søknadar og tildeling ligg på heimesida under delprosjekt-kulturbygging. Sølve søknadane ligg på postlista til Fjord. Ei oppsummering av søknadane ligg ved her.

Lag /organisasjon 10.2018	Budsjett	Omsøkt	Tilsagn 22.10.18
Byrg Kompetanse	30 000	10 000	5 000
Stordal Folkedanslag	10 000	5 000	5 000
Stordal ungd.klubb og ungdomsrådet	35 000	10 000	10 000
Andershaugen barnehage	9 000	10 000	5 000
Stordal IL Langrenn	15 000	10 000	10 000
Stordal Frivilligsentral	20 000	10 000	10 000
Norddal og Stordal HTV	37 500	10 000	10 000

Lag/organisasjon 15.1.19	Budsjett	Omsøkt	Tilsagn 21.1.19
Småskulane skidag	9 000	9 000	9 000
Utdanningsforbundet	17 000	10 000	5 000
Mellomstega skidag	10 000	10 000	10 000
Valldal Bygdekvinnelag skulemåltid i Valldal	10 000	10 000	0
Stordal skulekorps	11 000	10 000	10 000
HTV/HVO ekstrasøkn.	15 000	9 000	0
Pensjonistforbundet fellesmarkering	32 000	10 000	10 000
Øvre Stordal skirenn	500 000	10 000	10 000
Fjordhagen AS	25 000	10 000	10 000
Frivilligsentralane	13 000	13 000	10 000
Valldal Bydekvinnelag	45 000	10 000	10 000
		111 000	84 000

Arbeidsgruppa for kulturbygging skal i mars 2019 sette igang arbeidet med planlegging av nyttårsmarkeringa for inngangen til ny kommune

4 Fjord kommune – organisasjon og struktur

Rådmennene i Norddal og Stordal kommunar har satt saman 8 ulike arbeidsgrupper, som skal arbeide med organisasjon og struktur for Fjord kommune.

Fellesnemnda har vedteke å opprette 9 slike arbeidsgrupper i sak 26/9.2017 -05. Fellesnemnda oppretta ei ekstra arbeidsgruppa for Samfunns- og næringsutvikling som skulle starte arbeidet etter næringskonferansen i august 2018.

Det vart bestemt at arbeidet skulle verte fordelt i fleire fasar.

Mandat fase I

Arbeidsgruppene og deira leiarar er oppmoda til å verte kjende, og utveksle kva erfaringar ein har i organisasjonane. Den kartlegginga dei utfører skal legge grunnlaget for det vidare arbeidet med bygging av ein ny kommune.

Oppdraget i fase I, var å kartlegge nosisasjonen i dei to kommunane.

1. Bli kjende med kvarandre!
2. Skaffe oversikt over;
 1. Status
 - Organisering /tenester/fagområde
 - Oversikt over deltaking i samarbeid, Personalressursar, Plansituasjon, It-system, lokale forskrifter, lokale særavtalar og interne reglement.
 2. Avtalar

Avtalar som skal reviderast innan 2020. Gjeldande avtalar som skal reviderast etter 2020 (statlige etater, fylkeskommune, kommunar, IKS, KF, regionråd, vertskommunar)
Adm.utgreier for Fjord.

Avtalar med eksterne leverandørar av varer og tenester

3. Betalingsregulativ
Oversikt betalingsregulativ
4. Innspel på spørsmål som må avklarast i omstillingsprosessen
Avklare kritiske område i gjennomføringsfasen

Kartleggingsrapportane ligg under fane: delprosjekt, arbeidsgrupper, på heimesida
www.fjord.kommune.no

Mandat for arbeidsgruppe samfunns- og næringsutvikling

1. Arbeidsgruppa skal kome med forslag til korleis Fjord kommune skal organisere næringsutviklingsarbeidet sitt, og korleis ein kan legge til rette for samhandling mellom kommunen og andre utviklingsaktørar.
2. Arbeidsgruppa skal også kome med råd om korleis vi skal engasjere ungdom i desse spørsmåla.
3. Medlemmane i arbeidsgruppa får godtgjersle etter fellesnemnda sitt godtgjerslereglement.
4. Arbeidsgruppa skal konstituere seg, og velje leiar og sekretær.
5. Frist for arbeidet vert sett til 1. mars 2019.

Prosjektleiar har forlenga arbeidsfrist til 01.04.2019

Arbeidsgruppene for fase 1 er konstituert slik:

Oppvekst:

Marianne Berge, leiar

Odd Einar Kalvø (Utdanningsforbundet Stordal), Mette Valldal (Utdanningsforbundet Norddal),
Marianne Nakken, Diana Helland, Geir Olav Øien og Mariann Birkhol

Kultur:

Björg Jacobsen, leiar, Aud Lindis Ødegaard (Delta Norddal), Palma Flåen Øvrebust (Fagforbundet Stordal)

Hallgeir Hove, Björg Moltu, Petra Nakken, Liv-Marit Indreeide, Björg S. Kleppe

Personal/organisasjon:

Martin Vos, leiar, Eline Balstad (Sjukepleiarforbundet Stordal), Monica Høydal Lingaas (Delta Norddal)

Marius Andre Moe, Solveig Holmelid, Randi Reite

Arkiv/service/fellesfunksjonar:

Magnhild Grønningsæter, leiar, Siv Krokfoss (Delta Stordal), Liv Marit Indreeide (Delta Norddal)
Alexander Oudijk, Bente K. Osvik

Teknisk:

Trond Alstadsæter, leiar (NITO), Lars Kjell Smoge (NITO)

Toralv Klokkehaug, Yngve Hovden, Asbjørn Eide, Bjørn Holmelid, Robert Møller, Martin F. Hove og

Dagrun Lilleås Arctander

Økonomi:

Elin Amdam, leiar, Inga Janonyte (Delta Stordal), Kjetil Uri (Fagforbundet Norddal)
Arne Krohn, Ingunn Lilleås Overå og Kari Anne F. Hove

Helse- og omsorg:

Ingvild Nergård Hattrem, leiar, Adriana Cadavid (Fagforbundet Stordal), Bente Skarbø
(Sjuepleiarforbundet Norddal), Jessica Herje Eik, Martin Unger, Else Midtbust, Lisbeth Schei Bjørdal
og Marit Øvrevoll

IKT-digitalisering:

Geir Olav Øien, leiar, Romesh Swampillai (Fagforbundet Norddal), Øystein Rødset (Delta Stordal)
Rune Sylte Sæter, Aud Lindis Ødegaard og Else Midtbust

Samfunns- og næringsutvikling (Jf. FN sak 059/18 og 065/18)

Politiske representantar:

Vigdis Hove Øie (vara Frode Færøy, Stordal)
Per Magnus Berdal, Norddal (vara Ole Henrik Uri, Norddal)

Representantar frå næringslaga:

Magne Tøsse, Stordal Næringslag
Stein Kristian Valdal, Norddal Næringslag (vara Hallvard Omenås)
Rådmann i Norddal Karl Andre Birkhol, rådmann i Stordal Anne Berit Løset, Terese Jemtegård Moen,
Martin Flatmo Hove, Harald Espeland.

Prioritering, planlegging og framdrift

Det er i fellesnemnda 22.mai 2018 sak 31/18 bevilga midlar till ekstern bistand for utgreiing av helse- og omsorgstenestene for Fjord kommune. Levering av utgreiinga er sett til 9.11.18.

Etter kartlegging av nosituasjonen i kommunane, meldte arbeidsgruppa innan helse at det var ei for stor og omfattande oppgåve å gjere utgreiingane sjølve. Rapporten ligg på heimesida.

Innan sjølvkost områda er det og sett i verk ein prosess fram mot 2020. Ein hentar også her inn ekstern kompetanse. Teknisk og økonomi samarbeider med ekstern konsulent i denne prosessen. Økonomi, lønn og personal arbeider med nye modular i økonomisystemet og HRM. Her vert mykje opplæring hausten 2018. Våren 2019 skal alle starte opplæring i dei nye systema, og timeregistrering, fráværsmeldingar, permisjon og ferie skal søkjast via systemet. Her vil ein spare tid til utgreiinga for dei tilsette.

IKT-får oppnemnt eit eige IKT utval for Fjord kommune. Leiar i utvalet er Aud Lindis Ødegaard.

Medlemmar er elles frå Stordal, Martin Vos, Øystein Rødset, Else Midtbust. Frå Norddal er Geir Olav Øyen, Martin F. Hove, Magnhild Grønningsæter, Marit Øvrevoll.

Innan arkiv/sakssystem er ein godt i gang med bygging. Den midlertidige arkivdelen for fellesnemnda er stengt ned. Ein har her lesetilgang til sakene. Ny modul med Acos Fokus er satt i drift og sakene til fellesnemnda i september vart sendt ut via denne. Denne skal nyttast vidare i Fjord kommune men like vel ha eit skarpt skilje.

Magnhild Grønningsæter prosjektkoordinator for det nye sakssystemet for Norddal og Stordal. I oppnemnt arbeidsgruppe er desse med; Aleksander Oudijk, Rune S. Sæter, Siv Krokfoss, Liv Marit Indreeide og Bente K. Osvik.

Ny heimeside skal vere klar i god tid før 2020. Ei gruppe beståande av Alexander Oudijk, Siv Krokfoss, Magnhild Grønningsæter, Monika H. Lingaas og Aud Lindis Ødegaard bygg denne sida etter ein mal knytt til sakssystemet vi har for Fjord. Aud Lindis er prosjektkoordinator i dette prosjektet.

Arbeidet med klargjering til digitalisering av delingsarkiv og byggesaksarkiv er under arbeid i begge kommunar. Kvar kommune har sjølve ansvar for dette. Andre kommunale arkiv er pakka og klargjort for levering i Stordal, medan ein har litt meir arbeid igjen i Norddal.

Fellesnemnda har vedteke å opprette facebook-side for Fjord kommune. Kommunikasjonsplan vedteken i sak 09/18 for samanslåingsprosessen, som ligg på heimesida til Fjord kommune, er styrande dokument for informasjon og kommunikasjon.

Mandat fase II

Oppdraget i fase II var basert på kartleggingsrapportane som gruppa har utarbeidd i første fase:

1 Korleis ser arbeidsgruppa for seg tenestene i Fjord kommune inn.an sin «sektor»

- Lokalisering
- Organisering
- Struktur/org.kart
- Omfang
- Etc

2 Korleis ser arbeidsgruppa for seg organisasjonskartet for heile Fjord kommune

- Skissere overordna organisasjonsstruktur

3 Har arbeidsgruppa innspel til viktige moment som fellesnemnda og administrasjonen til Fjord bør ta spesielt omsyn til i den vidare prosessen med bygging av Fjord?

Mandatet for arbeid fase to er presentert for HTV/HVO i møte 23.8 i Stordal. Den endelege versjon er behandla i HTV/HVO møte 5.september 2018.

Oppstartsmøte med leiarane i arbeidsgruppene var 6. september 2018 på rådhusalen i Valldal. Det ligg til mandatet at ein skal velje nye leiarar i alle arbeidsgruppene for å fordele belastninga på fleire tilsette. Dei som var leiar i fase ein kalla inn og sette i gang arbeidsgruppene for fase II. Arbeidsgruppene konstituerte seg i fyrste møtet, og valde nye leiarar og sette møteplan for perioden.

Det er nokre naturlege endringar i arbeidsgruppene grunna arbeidstilhøve, sjukemeldingar eller endring av gruppa si samansetting. Spesielt for IKT som no er endra til IKT-utval for Fjord kommune. Prosjektleiar og/eller administrasjonssjef skal inviterast til arbeidsmøta, og etterspør oppdatering av status i prosjektet.

Arbeidsgruppene er konstituert slik for fase II:

Oppvekst:

Leiar, Mariann Birkhol, Odd Einar Kalvø (Utdanningsforbundet Stordal), Mette Valldal (Utdanningsforbundet Norddal),
Marianne Nakken, Diana Helland, Geir Olav Øien og Marianne Berge.

Kultur:

Leiar, Aud Lindis Ødegaard (Delta Norddal), Palma Flåen Øvrebust (Fagforbundet Stordal)
Hallgeir Hove, Bjørg Moltu, Petra Nakken, Liv-Marit Indreeide, Bjørg S. Kleppe og Bjørg Jacobsen.

Personal/organisasjon:

Monica Høydal Lingaas (Delta Norddal)(Leiar)
Marius Andre Moe , Solveig Holmelid, Randi Reite og Martin Vos.

Arkiv/service/fellesfunksjonar:

Leiar, Siv Krokfoss (Delta Stordal), Liv Marit Indreeide (Delta Norddal)
Alexander Oudijk, Bente K.Osvik og Magnhild Grønningsæter.

Teknisk:

Leiar, Toralv Klokkehaug , Yngve Hovden , Asbjørn Eide, Bjørn Holmelid, Robert Møller, Martin F. Hove, Dagrun Lilleås Arctander, Trond Alstadsæter (NITO) og Lars Kjell Smoge (Nito)

Økonomi:

Leiar Arne Krohn, Elin Amdam, Kjetil Uri (Fagforbundet Norddal), Ingunn Lilleås Overå og Kari Anne F. Hove

Helse- og omsorg:

Leiar, Else Midtbust, Adriana Cadavid (Fagforbundet Stordal), Bente Skarbø (Sjukepleiarforbundet Norddal), Michael Aasen, Susan Kgel, Lisbeth Schei Bjørdal og Marit Øvrevoll.

IKT-utval for Fjord kommune.

Leiar, Øystein Rødset, Geir Olav Øien, Rune Sylte Sæter, Aud Lindis Ødegaard og Else Midtbust, Geir Olav Øien, Marit Øvrevoll, Magnhild Grønningsæter, Martin F. Hove

Mandatet for oppgaveløysinga i fase to gjeld i tidsrommet 6.9.2018 -10.10.18.

Praktisk informasjon til arbeidsgruppene.

1. Ein legg vekt på at arbeidsgruppene skal, innafor sine ansvarsområde, utføre sitt arbeid i høve til dei føringar som er lagde i intensjonsavtalen, gjeldande lover, forskrifter, avtaleverk og vedtak fatta i fellesnemnda og PSU.
2. Arbeidsgruppene skal nytte seg av kartleggingsrapportane og daglege driftsutfordringar for å kome fram til forslag til driftsmodell for Fjord kommune.

3. Arbeidsgruppene vert utfordra til å velje smarte og innovative løysingar på overordna nivå.

Arbeidet i fase to er levert på tid, og vert nytta som interne arbeidsdokument i kommunane. Eit samandrag av rapportane vert lagt fram i fellesnemnda i desember 2018 og januar 2019. Desse ligg på heimesida til Fjord kommune under delprosjekt- arbeidsgrupper- fag.

Rammevilkår – Tidsramme i prosjektperioden

- Kartleggingsdokument alle arbeidsgrupper innan 01.02.2018 (lev 1.3.18)
- Overordna politisk organisering FN 13.02.2018
- Overordna administrativ organisering snarast råd etter tilsetting av admin.sjef 13.3.2018
- Oppstart av det vidare arbeidet etter nytt mandat for fase to for arbeidsgruppene 6.9.2018
- Framlegg framtidig organisering av tenestene med frist seinast 10.10.2018
- Fase tre- utdeling av mandat 06.03.2019 med frist for innspel til administrasjonen i Fjord innan mars månad. Inforasjon om status til fellesnemnda møtet i april.

Presentasjonane av fase II som var gitt til fellesnemnda, ligg på heimesida til Fjord.

Mandat fase III

Arbeidsgruppene for bygging av Fjord kommune skal igang med fase III .

Leiarar frå fase II, og ved forfall dei frå fase I, er kalla inn til oppstartsmøte 05.03.19 på rådhuset i Valldal. Arbeidsgruppene har i liten grad endra samansetting.

Det skal veljast ein leiar for gruppa. Tidlegare leiarar kan veljast på nytt.

Oppdraget i fase III er slik:

1. Lag ei oppstilling over viktige avklaringar som må gjerast innan teneste-/fagområdet som arbeidsgruppa representerar.
2. Sett opp ei tidslinje for prosessen der de prioriterar kva som må gjerast i 2019 og kva som kan vente til 2020 eller seinare.

Arbeidet vidare:

- Oppsett og prioriteringar vert å drøfte i oppfølgingsmøte med administrasjonen i løpet av mars 2019.
- Vidare arbeid med det som er prioritert vert sett i gang umiddelbart etter denne drøftinga, eller så snart det let seg gjere.
- Arbeidsgruppene må kome opp med forslag på kven som bør site i faggrupper for å arbeide fram grunnlagsdokument for dei avklaringane som skal gjerast. Det er viktig at vi i dette arbeidet involverar alle tilsette i organisasjonen for å arbeide med dei ulike oppgåvene på ein slik måte at vi får gode faginnspel og samtidig eit effektivt arbeid.

Arbeidsgruppene er konstituert slik for fase III:

Oppvekst:

Mariann Birkhol, Marianne Berge, Siv Anita Braaten (Utdanningsforbundet Stordal), Mette N. Valdal (Utdanningsforbundet Norddal), Marianne Nakken, Diana Helland, Geir Olav Øien

Helse- og omsorg:

Else Midtbust, Adriana Cadavid (Fagforbundet Stordal), Bente Skarbø (Norsk sykepleierforbund, Kommunelegen Stordal, Michal Aasen, Susan Kugel, Legeforeninga / legetenesta Norddal, Lisbeth Schei Bjørdal, Marit Øvrevoll

Kultur:

Aud Lindis Ødegaard, (Delta Norddal) , Bjørg Jacobsen, Palma Flåen Øvrebust (Fagforbundet Stordal), Hallgeir Hove, Bjørg Moltu, Petra Nakken, Liv-Marit Indreeide, Bjørg S. Kleppe

Arkiv/service/fellesfunksjonar:

Siv Krokfoss (Delta Stordal), Magnhild Grønningsæter, Liv Marit Indreeide (Delta Norddal), Alexander Oudijk, Bente K. Osvik

Teknisk:

Toralv Klokkehaug, Trond Alstadsæter (NITO), Yngve Hovden, Asbjørn Eide, Bjørn Holmelid, Robert Møller, Martin F. Hove, Dagrun Lilleås Arctander, Lars Kjell Smoge

Økonomi-personal (ny samla møteplan personal /organisasjon /økonomi i fase II

Arne Krohn, Martin Vos, Monika Høydal Lingås, Marius Andre Moe, Solveig Holmelid, Randi Reite, Elin Amdam, Kjetil Uri (Fagforbundet Norddal, Ingunn Lilleås Overå, Kari Anne F. Hove.

5. Tidslinje/Framdriftsplan

2016-2017 – kartlegging og oversikt over avtalar, bygningar og tilsette i dei to kommunane

- Opprette arbeidsgrupper til kartlegging innan dei ulike områda
- Bygge tette band til hovudtillitsvalte og verneomboda i begge kommunar
- Igangsetting av arbeidet ute i einingane, med å skaffe oversikt over avtalar internt og eksternt. IKS vert ivareteke av rådmennene.
- Skaffe oversikt over nødvendige gjeremål fram mot 2020

2018- planlegge driftsmodell for ny kommune

- Oppseiing og evaluering/ending av alle avtalar.
- Sikre levering av tenester for nye Fjord kommune gjennom IKS, (eks. vertskommunesamarbeid)
- Opprette mandat og arbeidsgrupper fase to, for planlegging, prioritering og bygging av ny kommune. Det er viktig å ha med tilsette i denne prosessen, ikkje berre konsulentbistand.
- Hente inn bistand der ein treng det. (eigedomsskatt, helsetenester, sjølvkost, økonomisystem og arkivdel) Og sørge for tett samarbeid med tilsette og HTV i alle prosessar.

- Sette administrativ struktur for ny kommune, og starte rekruttering til dei ulike stillingane. Det er vedteke tre-nivåmodell med administrasjonssjef, stabssjef (med assisterandefunksjon) og at det skal vere tre kommunalsjefar, helse, omsorg- og velferd, oppvekst- og kultur, og teknisk-næring og miljø.
- Klargjere og fatte vedtak i høve kommunevalet 2019, med valstyre, valnemnd og valkretsar.
- Behalde og rekruttere nødvendig kompetanse til Fjord kommune
- Informere tilsette heile vegen, og nytte uformelle møteplassar for innbyggjarane i begge kommunar.

2019 – 2020

- kome inn i driftsmodell for Fjord kommune, og gjere dei nødvendige endringane for effektiv drift.
- Plassering av dei ulike arbeidsfunksjonane fordelt på Norddal og Stordal
- Framhandle eller vidareføre samarbeidsavtalar for varer og tenester.
- Sette organisasjonskart for heile organisasjonen og varsle dei nødvendige endringane som må gjerast -nytte omstillingsutvalet og tilsettingsutval for Fjord kommune der det er naturleg
- Klargjere for testkøyring av system frå april 2019, og mange system frå september 2019.
- Sikre leveransar som Fjord skal ha frå 2020.

6. Budsjett for prosjektet

Budsjett for prosjektet skal utarbeidast og vedtakast av fellesnemnda (Jf. Inndelingslova §26) . Eksterne midlar skal søkjast så snart som råd, og etter tillysing.

Budjett for dei eksisterande kommunane skal sendast inn til Fylkesmannen til orientering etter vedtak i desember kvart år.

Det er søkt om midlar frå KMD til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman. Ein har her motteke 4 mill til dei omsøkte tiltaka som er skissert i søknaden. Det er vidare søkt om OU midlar frå KS og ein har fått tildelt 1.8 mill hausten 2018. Ekstra skjønnsmidlar er søkt og innvilga 500 000.

Det er søkt midlar til digihjelp i kommunen og vi er tildelt 170 som vi skal rapportere på våren 2019.

Det er mange andre søknadar som er knytt til ulike prosjekt. Mange av desse innan helsesektoren, med blant anna leiarutvikling, Velferdsteknologi ABC og andre mindre direkteknytte opplæringstiltak innan helsefaga. Opplæring i digitale ferdigheiter er særst viktig og ein har sett i verk tiltak med digitalisering innan økonomi, personal/HRM og arkiv. Nye rutinar skal på plass, og det er store investeringar knytt til tiltaka.

Budsjett Fjord				
	2017	2018	2019	2020
INNETEKTER				
Tilskot Fylkesmann	1 000 000	1 000 000	1 000 000	0
Eingongstilskot	500 000	10 000 000	10 000 000	
Eingongstilskot nye Fjord kommune				5 000 000
SUM INNETEKTER	1 500 000	11 000 000	11 000 000	5 000 000
UTGIFTER				
Prosjektorganisasjon (Prosjektled. og del av adm.)	800 000	3 200 000	3 200 000	
Ingeniør ekstra ressurs		700 000	800 000	
Frikjøp HTV	70 000	300 000	300 000	
Frikjøp fagressursar til utvikling av tenester	250 000	1 000 000	1 200 000	
Andre lønnsutgifter (politisk, reiseutgifter ++)	160 000	400 000	400 000	
Informasjon		100 000	100 000	
Opplæring / kompetanseheving		800 000	1 800 000	
Programvare og datakommunikasjon	40 000	440 000	400 000	
Andre driftsutgifter		200 000	100 000	
Kjøp av eksterne tenester		800 000	5 000 000	
Heraldiknemnd.		300 000		
Ekstraløyving til kyrkjeleg fellesråd		120 000	120 000	
Kulturbyggingsfond		200 000	200 000	
Infrastruktur				
SUM UTGIFTER	1 320 000	8 560 000	13 620 000	0
RESULTAT	180 000	2 440 000	-2 620 000	5 000 000
		0		

REKNESKAP FJORD KOMMUNE 2017 - 2018 - 2019

REKNESKAP FJORD KOMMUNE 2017 - 2018 - 2019											
Norddal kommune er vertskommune for bygging av nye Fjord kommune.											
Rekneskapsføringa vert utført i Norddal kommune, og tala er inkludert i kommunen sitt rekneskap.											
Art	Tekst	2017			2018			BUDSJETT 2019	2019		
		Rekneskap 2017	Rekneskap 30.04.2018	Rekneskap 31.08.2018	Rekneskap 30.11.2018	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 30.04.2019		Rekneskap 31.08.2019	Rekneskap 31.12.2019	
1010	Løn prosjektsstillingar	229 600	306 133	651 211	1 190 508	1 335 598	3 651 711				
1020	Løn Sjukevikarar			2 072	2 072	2 072					
1022	Løn vikarar, permisjon med lønn			4 461	4 461	4 461					
1028	Avtalefesta tillegg vikar			2 191	2 191	2 191					
1040	Løn overtid			2 020	2 020	2 020					
1058	Trekkpliktig km.godtgjersle	1 280	795	1 911	2 348	2 745	10 000				
1059	Anna løn og trekkpl.ytingar	1 500		246	246	328	2 000				
1082	Møtegodtgjersle	32 000		71 250	128 650	141 450	80 000				
1083	Tapt arbeidsfortjeneste	3 750		7 362	7 362	7 362	10 000				
1090	Ulykkes-/yrkesskadeforsikring	73	291	581	799	872	1 200				
1091	Pensjonspremie KLP	9 564	41 820	118 179	208 300	212 530	732 743				
1099	Arbeidsgiveravgift	29 443	36 998	91 318	164 190	181 433	475 692				
	Lønn og sos.utgifter	307 210	386 037	952 802	1 713 147	1 893 062	4 963 346	-	-	-	
1102	Tidsskrift, abonnement				348	348					
1115	Mat- og drikkevarer	14 362	3 253	3 253	10 003	11 827					
1116	Kommunal servering	24 251	13 112	10 635	19 304	21 799	110 000				
1124	Velferdstiltak egne tilsette			495	495	495	1 000				
1140	Annonsering, info.	26 312	41 159	47 782	48 682	60 054	10 000				
1141	Heimeside, internett	848		220	72 070	107 545	0				
1150	Kurs og opplæring ekstern	16 474	11 701	11 701	14 691	18 643	0				
1152	Reiseutgifter kurs og opplæring	12 157			4 009	5 314					
1160	Bilgodtgjersle	7 781	5 211	13 069	17 380	21 178	15 000				
1161	Diettgodtgjersle	289		1 142	1 142	1 468	2 000				
1171	Reiseutgifter	6 187	1 836	18 897	19 579	25 609	20 000				
1186	Lovfesta ulykkes-/yrkessk.fors.	69	277	553	761	830	4 000				
1196	Lisensar IKT, TV				30 197	30 197					
1202	Kjøp av IKT utstyr m/dataprogram			64 575	91 485	91 485	1 000 000				
1270	Juridisk bistand/rettsaker		24 375	24 375	25 920	28 545	100 000				
1272	Andre konsulenttenester	63 500	116 811	149 311	228 689	402 672	500 000				
1279	Kjøp av andre tenester	26 000									
1352	Kjøp av tenester frå kommunar	900 894	703 833	1 461 007	1 627 673	2 252 350	2 500 000				
1429	Meirverdiavgift som gjev rett til momscomp.		145 641	172 974	227 863	389 068	0				
1472	Tilskot til organisasjoner			120 000	120 000	120 000	120 000				
1474	Gåver	1 862	180	180	180	180	0				
1709	Andre refusjonar frå Staten										
1729	Komp. moms påløpt i driftsreknesk.		-145 641	-172 974	-227 863	-389 068	0				
1800	Rammetilskot										
1900	Renter på bankinnskot		-108 413	-285 759	-367 550	-438 939	-150 000				
	FORBRUK DESEMBER										
	Sum utgifter	1 408 196	1 199 372	2 594 238	3 678 205	4 654 662	9 195 346	-	-	-	
1731	Refusjonar frå fylkeskommunen	-17 804	0								
1800	Eingongsstønad	-20 000 000	0								
1800	Skjønnsmidlar Fylkesmannen	-1 000 000	0		-1 500 000	-1 500 000	-1 000 000				
	Sum tilskot	-21 017 804	-	-	-1 500 000	-1 500 000	-1 000 000	-	-	-	
	Overført neste periode		19 609 608	18 410 236	17 015 370	17 431 403	16 454 951				
1550	Avsetnad til bunde driftsfond	20 500 000									
1550	Avsetnad til bunde driftsfond	800 009	0								
1950	Bruk av bundne driftsfond	-1 690 401	-1 199 372	-1 394 866	416 033	-976 452	-8 195 346				
25150067	Netto avsetnader	19 609 608	18 410 236	17 015 370	17 431 403	16 454 951	8 259 605	0	0	0	


Kontaktinformasjon til fellesnemnda for Fjord kommune

	Namn	Mobil	E-post	Partitilhøyrlgheit
Leiar	Eva Hove	97015014	eva.hove@stordal.kommune.no	Arbeiderpartiet
Nestleiar	Arne Sandnes	97669990	arne.sandnes@norddal.kommune.no	Senterpartiet
Medlem	Viktor Valdal	91585568	polvikval@norddal.kommune.no	Tverrpolitisk
Medlem	Laila Olsen	47016683	pollaiols@norddal.kommune.no	Senterpartiet
Medlem	Olav Løvoll	40405303	pololalov@norddal.kommune.no	Arbeiderpartiet
Medlem	Bjørn Ove Olsen	90210897	bjorn.ove@sunnror.no	Høgre
Medlem	Kjersti R. Hjelle	93875123	kjersti.ruset.hjelle@stordal.kommune.no	Senterpartiet
Medlem	John Helge Larsen	91369301	John.helge.larsen@stordal.kommune.no	Arbeiderpartiet
Vara	Hans M. Gjedrem	91859101	polhangje@norddal.kommune.no	Senterpartiet
Vara	Kristin Sandnes	97129798	polkrisan@norddal.kommune.no	Senterpartiet
Vara	Anders J. Gjerde	91764855	polandgje@norddal.kommune.no	Senterpartiet
Vara	Terje Linge	95276001	polterlin@norddal.kommune.no	Sosialistisk Venstreparti
Vara	Heidi T. Sylte	41518291	polheisyl@norddal.kommune.no	Tverrpolitisk liste Norddal
Vara	Ole Henrik Uri	98887256	pololeuri@norddal.kommune.no	Tverrpolitisk liste Norddal
Vara	Rebekka S. Hanssen	95433005	polrebhan@norddal.kommune.no	Tverrpolitisk Norddal
Vara	Claus Hoff	45222855	claus@sitwell.no	Høgre
Vara	Palma F. Øvrebust	99604600	palma.ovrebust@stordal.kommune.no	Arbeiderpartiet
Vara	Lars K. Øvrebust	95857077	lars.kristian.ovrebust@stordal.kommune.no	Senterpartiet

Oversikt Hovudtillitsvalte og Hovdverneombod i Stordal og Norddal

Forbund	Hovudtillitsvald	E-post
Fagforbundet	Adriana Cadavid	adriana.cadavid@stordal.kommune.no
Delta	Siv Krokfoss	siv.krokfoss@stordal.kommune.no
NITO	Trond Alstadsæter	trond.alstadsater@stordal.kommune.no
Utdanningsforbundet	Siv Anita Braaten	siv.anita.braaten@stordal.kommune.no
Hovudverneombod	Nina Iren Hauglid	nina.hauglid@stordal.kommune.no
Fagforbundet	Kjetil Uri	kjetil.uri@norddal.kommune.no
Delta	Monika H. Lingås	monika.lingaas@norddal.kommune.no
NITO	Martin Flatmo Hove	martin.hove@norddal.kommune.no
Utdanningsforbundet	Mette. N. Valdal	mette.natland.valdal@norddal.kommune.no
Sjukepleiarforbundet	Bente Skarbø	bente.skarbo@norddal.kommune.no
Legeforeninga	Susan Kugel	susan.kugel@norddal.kommune.no
Hovudverneombod	Annbjørg Kokot	annbjorg.kokot@norddal.kommune.no

Prosjektleiar skal med jamne mellomrom ha møter med dei tillitsvalde. Ein legg opp til tett samarbeid og gode arbeidsmøter med dei tillitsvalte. Ved behov vert det kalla inn til møte utanfor fastsatt møteplan. Møteplan og referat frå desse møta ligg på heimesida til Fjord kommune.



Fjord kommune

Arkiv: FE-400
JournalpostID: 19/97
Saksbehandlar: Hilde Dyrkorn
Dato: 14.02.2019

Saksframlegg

Økonomi Fjord kommune

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
013/19	Fellesnemnda - Fjord kommune	19.03.2019

Arbeidsutvalet si innstilling:

Fellesnemnda vedtek å auke overføringa til direkte kostnader knytt til kommunereformsarbeidet i Norddal og Stordal med kr 1 250 000 til kvar av dei to kommunane.

Administrasjon får fullmakt til å tilspasse stillingsstorleiken i budsjett for kommunalsjefar når det er avklart oppstart i stillingane. Dette vil verte rapportert tilbake til fellesnemnda når det er klart.

Saksgrunnlag:

Sist endring i prosjektorganisasjonen var vedteken i fellesnemnda sak 53/18 21.08.18.

Prosjektleiari ser behov for ein auke i overføringa til dei to kommunane, og har hatt ein gjennomgang av ressursbruken med rådmennene og økonomisjefane i begge kommunar.

Det vert mykje ekstraarbeid for organisasjonen dersom ein skal føre timeregistrering og gjere internfakturering slik vi har gjort til no. Prosjektorganisasjonen vert etter kvart større, og det er behov for auka tilbakeføring til begge kommunar.

Saksopplysningar:

Siste oppsummering viste ei detaljert oppstilling av prosentvise stillingar med arbeid direkte knytt til bygging av Fjord kommune. No har dette endra seg ein god del, og vi ser at organisasjonen arbeider meir og tettare med bygginga etter kvart.

Prosjektorganisasjonen er ein dynamisk og svært fleksibel organisasjon som har sine oppgåver knytt til bygging av Fjord kommune. Samtidig skal vi drifte Stordal og Norddal kommune fram til 2020. Det er stadig nye oppgåver som skal løysast for Fjord, og ein må prioritere heile vegen. Berre det mest nødvendige og det som er lovpålagt kan utførast i dei eksisterande kommunane, og fokuset til alle må rettast mot det som skal byggjast i Fjord.

Vi har fått på plass ein koordinator på IKT med overordna oversikt over fagsystema som vert nytta i dag. Samtidig har vi knytt tilsette opp til dei ulike systema slik at det er superbrukarar på plass i alle fag. Innan helse/lege er dette mest kritisk og ein treng tida. Dei fleste systema vil køyre testar utover hausten, og alt må vere klargjort til det.

Slik det ser ut vil ikkje fagsystema for skule og oppvekst kome i mål slik vi kan køyre i gang med nytt system til skuleåret 19/20. Det er fleire av kommunesamanslåingane som ventar med nye system for skulane til august 2020.

Også ein del system som ligg på ekstern server for teknisk, vil verte flytta når vi er komen inn i Fjord kommune. Dette er kartlagt og vert gjort i samarbeid mellom tilsette og leverandørar i dei ulike systema.

Det er usikkert i kor stor grad lønn til kommunalsjefar vil belaste budsjettet til Fjord kommune i 2019. I dag er det lagt inn ei årsbelastning med 50% av stillingane. Administrasjon vil avklare dette framover og justere dette inn i budsjett. Dette resultat vil i neste runde verte rapportert til fellesnemnda.

Innanfor avsette lønsmidlar til kommunalsjefar i budsjett vil administrasjon skaffe nødvendig kapasitet slik at kommunalsjefane kan starte i stillingane i den grad det er behov for det før 01.01.2020.

Saksvurdering og konklusjon:


Synliggjerer av ansvar for fagsystem, utvikling og rask framdrift er avgjerande for prosjektorganisasjonen. Alle skal samhandle og arbeide for ny kommune, samtidig som vi skal drifte dei eksisterande kommunane ut året.

Ein auke i overføringane til kommunene er viktig for å oppretthalde driftsnivået i kommunane. Det er knapt om ressursar i begge kommunar, og utgifter til bygging av ny kommune er svært merkbar.

Ein konklusjon i samråd mellom leiinga i dei to kommunane, rår til ei auka overføring av midlar til kommunane.

Endeleg revidert budsjett for Fjord kommune vil verte lagt fram i møte i mai.

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef



Fjord kommune

Arkiv: FE-026
JournalpostID: 19/149
Saksbehandlar: Hilde Dyrkorn
Dato: 07.03.2019

Saksframlegg

Mandat for interkommunalt samarbeid

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
014/19	Fellesnemnda - Fjord kommune	19.03.2019

Arbeidsutvalet si innstilling:

Fellesnemnda gir administrasjonen for Fjord kommune mandat til å gå i samtale med Stranda kommune, for å diskutere samarbeid innan dei tenesteområda som kan vere aktuelle for Fjord kommune.

Saksgrunnlag:

Fellesnemnda har lagt ei føring for administrasjonen i arbeidet med dei interkommunale samarbeida. Fjord har hatt tett dialog med Nye Ålesund, og gitt tilbakemelding om at vi ynskjer å vere med vidare i dei samarbeida der det er naturleg for oss. Vi er også tilrådd av Fylkesmannen å ikkje shoppe litt her og der, men ha gode sterke samarbeid så langt det let seg gjere.

Nye Ålesund har no presentert sitt forslag til struktur og lokalisering på mellom anna dei interkommunale tenestene. Enkelte av desse løysingane kan verte ugunstige for Fjord kommune

Pris på tenestene er enno ikkje kjende, men ein ser at lokalisering gjer at mykje av arbeidstida for deira tilsette vil gå med til transport når dei skal yte tenester for Fjord kommune.

Saksopplysningar:

Administrasjonen i Fjord har heile tida arbeidd med dei interkommunale samarbeida. Det er dialog med oppnemnte saksbehandlarar i dei ulike faga, og ein har kontakt med leiinga i Nye Ålesund for å sikre oss at viktige tenesteleveransar er på plass i 2020.


Då Nye Ålesund la fram strukturen for sine tenester frå 2020, vart administrasjonen i Fjord merksam på at ulike tenester er lagt til Ålesund sentrum, og til Brattvåg.

Uttale frå:

Saksvurdering og konklusjon:

Dersom lokaliseringa av enkelte tenester vert som forslaget frå Nye Ålesund, bør Fellesnemnda gi administrasjonen i Fjord kommune mandat til å sjå på alternative samarbeidsavtalar

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef



Fjord kommune

Arkiv: FA-A30
JournalpostID: 19/166
Saksbehandlar: Hilde Dyrkorn
Dato: 13.03.2019

Saksframlegg

Godkjenning av midlertidige vedtekter for kulturskolen i Fjord

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
015/19	Fellesnemnda - Fjord kommune	19.03.2019

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.03.2019	Vedtekter for kulturskolen i Stordal kommune	1325977
13.03.2019	Retningslinjer kulturskolen - Norddal kommune	1325975
13.03.2019	Forslag til midlertidige retningslinjer - kulturskule	1325974

Arbeidsutvalet si innstilling:

Fellesnemnda vedtek dei midlertidige vedtektene for kulturskolen i Fjord slik dei ligg føre.

Saksgrunnlag:

Behov for midlertidige retningslinjer/vedtekter for kulturskolen frå hausten 2019.

Saksopplysningar:

I samband med at kulturskulane frå 1. januar 2020 skal slåast saman til nye Fjord Kulturskule, ser vi at det allereie frå august 2019 er behov for ei viss samkøyring og harmonisering av drifta, som på nokre område er nokså ulik i dei to kommunane. Det er uheldig både for elevar/føresette og dei tilsette at det er store skilnader i drifta og tilboda vi gir.

Arbeidet med utarbeiding av nye vedtekter og ev. andre vesentlege endringar må sjølvstendig halde fram i tida fram mot samanslåinga, slik at vedtaka kan fattast i dei rette organa. Det vi først og fremst har behov for no, er nokre felles retningslinjer som kan leggest fram som gjeldande for begge kulturskulane i den komande runden med elevopptak i mars/april 2019. På denne måten blir det tydeleg for alle som søker kva dei kan forvente seg det komande skuleåret, og kva som gjeld av rutiner, reglar, organisering av undervisning, satsar for elevkontingent mm.

Saksvurdering og konklusjon:

Det vert foreslått at ein vedtek midlertidige retningslinjer for skuleåret 2019/2020, i påvente av nye vedtekter for Fjord Kulturskule. Når det gjeld elevkontingenten hadde det sjølvstendig vore best om den var samkøyrte og dermed lik for alle elevar allereie frå hausten. Då dette ikkje let seg gjere no vel ein å vidareføre dei satsane som er vedtektne i kvar kommune. Administrasjonen ser dette som ei teneleg løysing.

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef

Vedtekter for Stordal kulturskule:

1. Målsetjing:

1.1. Stordal kulturskule skal arbeide for å gje born og ungdom i kommunen:

- gode vilkår for å utvikle musikalske og skapande evner og anlegg
- eit aktivt og rikt kulturliv
- eit godt oppvekst- og kulturmiljø med positive fritidsaktivitetar

1.2. Stordal kulturskule skal gje born og ungdom tilbod om:

- opplæring innanfor musikk-, kunst- og andre kulturaktivitetar
- å delta i ulike former for kulturaktivitetar

1.3. Stordal kulturskule skal stimulere til aktiv kulturformidling i kommunen og gjennom samarbeid med andre søke å gjennomføre ulike kulturtiltak.

2. Organisering:

2.1. Stordal kulturskule er ein kommunal kulturskule som Stordal kommune eig og driv.

Heimel for drift av kulturskulen finn vi i Opplæringslova § 13-6, der det står følgjande:

"Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles."

2.2. Stordal kommunestyre vedtek vedtekter for Stordal kulturskule. Formannskapet er det politiske styringsorganet for Stordal kulturskule

2.3. Stordal kulturskule høyrer administrativt til under eininga Stordal skule.

2.4. Rektor ved Stordal skule er også rektor for Stordal kulturskule og har det faglege og administrative ansvaret for drifta av kulturskulen.

2.5. Stordal kulturskule og Stordal skule kan bruke kvarandre sine læremidlar.

2.6. Det bør leggjast til rette for bruk av kombinerte stillingar mellom kulturskulen, grunnskulen og andre kommunale sektorar.

3. Opptak

3.1. Stordal kulturskule er open for born og ungdom som bur i Stordal kommune.

3.2. Elevar frå andre kommunar kan bli tatt opp som elevar dersom det er ledig kapasitet.

3.3. Øvre aldersgrense for opptak er 18 år.

3.4. Opptak skjer i forkant av kvart skuleår/halvår/prosjektperiode etter nærare utlysing.

3.5. Både søknad og oppseiing av plassen skal skje skriftleg.

3.6. Prioritering ved opptak er:

- Elevar som har plass frå før
- Elevar frå grunnskulen
- Elevar frå vidaregåande skule
- Søkjarar frå andre kommunar

4. Undervisninga:

4.1. Stordal kulturskule følgjer skuleruta for grunnskulen i Stordal kommune for det som gjeld fridagar og feriar.

4.2. Undervisningsåret i Stordal kulturskule blir lagt ut over 34 veker.

4.3. Undervisninga kan organiserast som klasseundervisning eller som individuelt tilrettelagt undervisning åleine eller i grupper.

4.4. Gruppeundervisning er undervisning med 2-5 elevar gjennom heile skuleåret. Klasseundervisning er prosjektbasert undervisning i kortare periodar med meir enn 5 elevar.

4.5. Ein individuell undervisningstime varer i 20-25 min. og gruppeundervisning varer i 40-50 min.

5. Elevvilkår:

5.1. Elevane skal møte presis og førebudd til timen.

5.2. Fråvære må meldast på førehand til skulen eller læraren privat. Timar som fell bort grunna eige fråvære, har eleven ikkje krav på å få att seinare.

5.3. Dersom oppsett time fell bort som følgje av at lærar er sjuk eller på andre oppdrag (kurs o.l.), skal kulturskulen primært gi tilbod om anna høveleg undervisning - vikar eller nytt tidspunkt.

5.4. Dersom meir enn 15% av undervisningstida i eit semester fell bort etter pkt. 5.3, kan det etter søknad gjevast reduksjon i kontingenten.

5.5. Elevane har ansvar for kulturskulen sine instrument og anna utstyr. Skade på instrument/utstyr må erstattast og rektor fastset erstatningssummen etter at eleven har uttalt seg.

5.6. Elevane må sjølv koste nødvendig undervisningsmateriell

5.7. Elevane skal vise god framferd i kulturskulen. Elevar som ikkje rettar seg etter kulturskulen sine vedtekter, kan utestengjast frå undervisninga for kortare eller lengre tid. Rektor tek avgjerd i slike saker etter at eleven har fått uttale seg.

5.8. Foreldre eller føresette har høve til å fylgje undervisninga, etter avtale med læraren.

5.9. Om nokon av elevane ved kulturskulen får oppdrag i å vere med på ei offentleg/privat tilstelling, bør rektor informerast.

6. Økonomi

6.1. Elevkontingenten blir fastsett av kommunestyret i budsjettet for kvart år. Ein elevplass på individuelt tilrettelagt undervisning åleine eller i gruppe kostar det same. For klasseundervisning blir det fastsett ein timepris.

6.2. Elevkontingenten blir betalt etterskotsvis for kvart halvår.

6.3. Søskenmoderasjon og fleiraktivitetsmoderasjon er 25%. Det blir ikkje gitt dobbel moderasjon.

6.4. Opptak i kulturskulen gjeld i utgangspunktet for heile skuleåret/prosjektperioden og kontingenten skal betalast for heile semestret sjølv om eleven sluttar i løpet av semestret.

6.5. Dersom ein elev ynskjer å avbryte undervisninga etter hausthalvåret, kan rektor innvilge permisjon for vårsemesteret. Søknaden om å få slutte skal vere skriftleg og grunngitt, og sendast rektor innan 1. november.

6.6. Fritak for kontingent ved langvarig sjukdom eller ved flytting vert avgjort av rektor etter skriftleg søknad frå elev/føresette.

6.7. Korps og kor må evt. lage eigne avtalar om bruk av kulturskulen.

(Formannskapet 28.november 2007)

Gjeldande retningsliner for kulturskulen i Norddal kommune

All opplæring på blåseinstrument er i samarbeid med korpsa i kommunen. De som vel eit slikt instrument vert automatisk korpsaspirant.

Undervisninga er på skulane i kommunen - i nært samarbeid med skulane. Vi gjer det vi kan for at alle skal få tilbod i sin skulekrins. Vi må ta atterhald om tilstrekkeleg påmelding og tilgang på nødvendige lærekrefter for å få dette til. All påmelding til kulturskulen skal vere skriftleg på skulen sitt søknadsskjema. På same måte skal utmelding vere skriftleg. Ved utmelding skal skulepengar for semesteret betalast.

Det er kommunestyret som fastset satsane - vanlegvis i samband med budsjetthandsaminga, gjeldande frå 1. januar kvart år. Skulepengane vert kravd inn i to like store summar - ein for haustsemesteret og ein for vårsemesteret. Kulturskulen har følgjande søskenmoderasjon: barn 1 - full pris, barn 2 - 20% moderasjon, barn 3 og vidare - 30% moderasjon.

Å vere elev i kulturskulen er frivillig. Men - for at elevane i det heile skal ha utbyte av å vere elev, krevst det eigeninnsats i form av øving heime. Det betyr og at eleven må ha tilgang på instrument for å kunne øve. Å øve t.d. på keyboard eller orgel når målet er å lære pianospel, er ikkje tilfredstillande.

Skuleåret i kulturskulen følgjer skuleruta i grunnskulen - med same fri- og feriedagar. Kulturskulen har eit skuleår på 34 veker. Det betyr at undervisninga vert avslutta tidleg i desember og i skiftet mai/juni. Dette kan variere noko og informasjon vert gitt i god tid.

Undervisninga er lagt opp på fleire måtar. Vi har individuell-, og gruppeundervisning som varierar i lengde. Skulepengane er dei same uansett type undervisning og timelengde. Det er rektor i samråd med lærarkollegiet som legg opp kva type undervisning som passar til elevane og dei instrumenta dei har velt.

Ei av dei store utfordringane til kulturskulen er å skaffe vikarar ved sjukdom og anna fråver av det faste kollegiet. Det betyr at det kan vere aktuelt å avlyse undervisning elevane har krav på. I retningslinene til kulturskulen heiter det at... "rektor kan avlyse undervisning to gonger pr. semester utan at det skal refunderast skulepengar".... Avlysingar utover det gir rett til reduksjon i skulepengane.

Ein del av det å vere elev i kulturskulen er å ta del i skulen sine aktivitetar. Det betyr at elevane skal vere med på konsertar og arrangement skulen har gjennom året som t.d konsertar på institusjonane, offentlege konsertar, eller oppdrag frå lag og foreiningar i kommunen. Det er ingen tvang, men vi ønskjer at elevane skal lære og oppleve konsertsituasjonen som noko positivt.

FORSLAG TIL MIDLERTIDIGE RETNINGSLINJER

for Stordal og Norddal kulturskular (nye Fjord Kulturskule):

Målsetjing:

Stordal og Norddal kulturskular skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet, og gi alle elevar høve til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter i ulike kunstfag. Elevane skal få gode vilkår for å utvikle dei kreative evnene sine.

Kulturskulane skal bidra til å gi born og unge eit godt oppvekstmiljø med positive fritidsaktivitetar, og elles bidra til eit aktivt og rikt kulturliv for alle innbyggjarane i kommunen.

Administrativ organisering:

Stordal og Norddal kulturskular er begge kommunale kulturskular som skal drivast i samsvar med gjeldande sentrale og kommunale retningslinjer.

Heimel for drifta av kulturskulane finn vi i Opplæringslova § 13-6, der det står følgjande:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.»

Stordal og Norddal kulturskular har felles rektor. Kulturskulerektor har det faglege og administrative ansvaret for drifta av kulturskulane.

I samband med kommunesamanslåinga blir skulane frå 1. januar 2020 slått saman til nye Fjord Kulturskule.

Opptak av elevar:

- Stordal og Norddal kulturskular kan i utgangspunktet gi tilbod til alle innbyggjarane i kommunane, men born og unge i skulealder vert prioriterte ved opptak.

-Ein har ingen absolutte nedre aldersgrenser for opptak i kulturskulane, men for fleire instrument opererer ein med rettleiande aldersgrenser (td. 3. klasse for blåseinstrument).

- Søknad om elevplass skal sendast på elektronisk skjema som ein finn lenke til på kommunen si heimeside.

- Elevar som allereie har plass i kulturskulen må søkje på nytt (re-registrere seg) for å behalde plassen til neste skuleår. Dette blir det sendt ut informasjon om til dei det gjeld, før den ordinære søknadsfristen.

- Søknadsfrist for hovudopptaket vil vere i midten av april og bli nærare annonsert på førehand.

- Dersom ein har fleire søkjarar enn elevplassar på enkelte fag, eller mangel på lærekrefter, vil det bli oppretta ventelister etter søknadsdato.
- For ev. kortare kurs/prosjekt vil det kunne vere eigne fristar etter nærare utlysing.
- All opplæring på blåseinstrument er i samarbeid med korpsa i kommunane, og korpsa held instrument til opplæringa. Dei som vel eit blåseinstrument vert difor også korpsaspirantar.

Undervisning:

- Kulturskulane følgjer skuleruta for grunnskulane når det gjeld fridagar og feriar.
- Skuleåret i kulturskulane strekkjer seg ellers over 34 veker, og det vil då vanlegvis bli gitt 15 undervisningstimar i hausthalvåret og 19 i vårhalvåret.
- Ein ordinær elevplass er individuelt tilrettelagt, og undervisninga blir gitt enten individuelt eller i mindre grupper, etter ei fagleg vurdering av lærar/rektor.
- Undervisningsimane vil vanlegvis vare i 20-25 min (individuell underv.) og 40-50 min. (gruppeunderv.) Dette vil også bli avgjort etter ei fagleg vurdering av lærar/rektor.
- Nokre undervisningstilbod kan bli gitt i større grupper/klassar, dersom det høver for faget/kurset elevane deltek på. Eigne tider/satsar vil gjelde for desse tilboda.
- Så langt det er mogleg skal elevane få undervisningstilbodet i eigen skulekrins.
- Undervisninga i kulturskulane skal leggjast til etter ordinær skuletid for eleven. Timar kan berre leggjast til skuletida dersom ein ikkje greier å gi tilbod om undervisning i dette faget på eit anna tidspunkt. Det skal i tilfelle vere i samråd med skulen og etter søknad frå foreldre om permisjon frå ordinære skuletimar.
- Ein del av det å vere elev i kulturskulen er å ta del i skulen sine aktivitetar og tilstellingar, td. ulike konsertar, framføringar, utstillingar mm. Vi tvingar sjølv sagt ingen til å delta, men oppmodar elevane om å prøve frå dei er ganske unge, og ønskjer at dei skal få gode opplevingar og erfaringar frå td. konsertsituasjonar.

Vilkår:

- Det blir forventa at elevane møter presis og førebudd til undervisningstimane. Å vere elev i kulturskulen er frivillig, men for at elevane i det heile skal ha utbytte av å vere elev, krevst det ein viss eigeninnsats i form av øving heime.
- Elevane må ha tilgang til instrument heime for å kunne øve.
- Fråvær må meldast på førehand, enten til kulturskulen v/rektor eller direkte til lærar.
- Dersom oppsett time fell bort som følgje av at lærar er sjuk, vekke på kurs el.l., skal kulturskulen forsøke å gi tilbod om anna undervisning (enten med vikar eller erstatningstime

til nytt tidspunkt). Dersom dette ikkje let seg gjere, kan ein i visse tilfelle bli nøydd til å avlyse undervisning.

- Rektor kan avlyse undervisning to gongar pr. semester. Avlysingar utover det gir rett til reduksjon i elevkontingenten.

Kontingent:

- Elevkontingenten blir justert/fastsett av kommunestyret i budsjettet for kvart år. Informasjon om satsane finn ein på kommunane sine heimesider.

- Kulturskulane har ei moderasjonsordning som omfattar både fleirfagsrabatt og søskenmoderasjon. (Barn 1 - full pris, barn 2 – 20 %, barn 3 – 30 %.)

- Elevkontingenten blir fakturert etterskotsvis for kvart semester.

- Opptak i kulturskulen gjeld i utgangspunktet for heile skuleåret (evt. prosjektperioden). Dersom ein elev ønskjer å slutte etter haustsemesteret, må rektor ha skriftleg melding om dette innan 1. desember. (Det er greit å nytte epost ved utmeldingar.) Elevar som sluttar midt i eit semester må betale full semesteravgift.

- Elevane må sjølve betale for spelebøker og anna nødvendig undervisningsmateriell. Dersom dette vert kjøpt inn gjennom kulturskulen vil det bli fakturert saman med elevkontingenten.

Dato: 12.03.19